



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
18/571-5/K2 - N41/EAAR

Dykkar ref.

Dato:
23.04.2018

Høyringsvar frå Flora kommune

Flora kommune viser til høyring vedr rapport frå Møreforskning Molde AS som omhandlar "*Forslag til offentlig kjøp av Regionale flyruter i Sør-Norge*". Denne rapporten er bestilt av Samferdselsdepartementet som har lagt ut rapporten til offentlig høyring med endeleg høyringsfrist 31. mai 2018.

Sogn og Fordane fylkeskommune skal og handsame høyringa og har difor bedt om innspel frå kommunar og andre instansar innan 27. april.

I møte den 18. april 2018, jf. sak 18/571, gjorde formannskapet i Flora kommune slikt vedtak:

"FORM - vedtak:

Flora kommune vedtek høyringsinnspel slik det ligg føre med følgjande vedtak:

- 1. Flora kommune forventar like vilkår for flyplassane i Flora og Gaular.*
- 2. Flora kommune meiner FOT-ruter må på plass att i Flora med minimum det setekravet Møreforskning legg til grunn.*
- 3. Flora kommune viser ellers til utfyllande høyringsbrev."*

Med helsing

Einar Atle Årdalsbakke
fagleiar samferdsle

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur

Vedlegg:

Tittel	Dato
Rapport - Forslag til offentlig kjøp av regionale flyruter i Sør-Norge	23.04.2018
Høyring - Ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Norge fra 1. april 2020-2	23.04.2018
Ny konkurranse om regionale ruteflygninger i Sør-Norge fra 1. april 2020, høyring	23.04.2018

Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Denne saka omhandlar høyringssvar frå Flora kommune vedr rapport frå Møreforskin Molde AS som omhandlar følgjande: " Forslag til offentlig kjøp av Regionale flyruter i Sør-Norge". Denne rapporten er bestilt av Samferdselsdepartementet som har lagt ut rapporten til offentlig høyring med endeleg høyringsfrist 31. mai 2018.

Sogn og Fordane fylkeskommune skal og behandle høyringa og ber difor om innspel frå kommunar og andre instansar innan 27. april. Fylkeskommunen legg vidare opp til følgjande handsaming av saka:

Hovudutval for samferdsle 30. mai

Fylkesutvalt 31. mai

Administrasjonen til fylkeskommunen skal vere ferdig med si saksførebuing innan 16. mai.

Innleiing:

Med utgangspunkt at rapporten, samt høyringssvar til rapporten, vart behandla i Flora kommunen sitt samferdsleutval den 5.april er forelått høyringssvar gjengitt nedanfor under vurdering:

Vurdering:

Flora kommune vil vektlegge følgjande:

For å få det beste rutetilbodet meiner vi at ein må rigge det slik at det er mest mogleg attraktivt for flyoperatørane å konkurrere om rutene. Det meiner vi man best oppnår ved å stille like vilkår for rutedrift til dei to lufthamnene i regionen. Då vil vi oppnå best konkurranse som vil gi lågaste pris for eventuelle FOT-ruter, men også størst grunnlag for konkurrerande aktørar i ein eventuell kommersiell marknad.

1. **Kommersielle ruter:** Det samla årlege trafikkgrunnlaget for regionen er til dømes for Oslo-rutene 55 000 (Florø) + 77 000 (Førde) = 132 000 passasjerar. Dette vil vere eit volum som kan vere attraktivt å konkurrere om. Om vi skal ha håp om å få fleire enn eitt flyselskap til å fly i Sunnfjord, må ein kunne konkurrere om passasjerane i heile Sunnfjord. Det vil kunne gje lågare pris og betre frekvens.

Flora kommune har ved fleire høve teke opp med departementet at ein må stimulere etterspørselen ved kortbane-flyplassar som har kommersiell rutetrafikk. At Widerøe i dag må betale 4 millionar ekstra for passasjerar i Florø samanlikna med 0 kor ein har FOT, er ikkje stimuli, men ei ytterlegare byrde for dei reisande og flyselskapa på kortbanenettet. Ein må og sikre seg at lokal infrastruktur er på plass for at fleire selskap kan bruke den.

2. **Ved FOT-ruter:** Flyoperatørar som vil konkurrere om FOT-ruter vil kunne legge til grunn heile volumet og rekne stordriftsfordelar om dei får drifte rutene på begge flyplassane. Flora kommune vil ikkje godta at staten ved neste tildeling av anbodsruiter kommersialiserer rutene i Florø, medan andre stader som har betre grunnlag, opplev å få ein avgrensa makspris og garantert minimumstrafikk, noko som gjev næringslivet vårt større byrder.

Samla erfaringar: Negative erfaringar med kommersialisering:

1. Redusert rutetilbod, bortfall av viktige ruter for næringslivet.
2. Ingen makspris har gitt høgare billetterpriser.
3. Opplev at dagens operatør prioriterer FOT-ruter framfor de kommersielle når det er knappheit på ressursar og materiell. Dette har hatt negativt utslag på regulariteten.
4. Fleire ruter med mellomlandingar som gir lengre reisetid, og rutene blir meir utsett for forseinkingar og kanselleringar grunna forhold på andre lufthamner.
5. Ikkje honnørbilletter.
6. Rutetilbodet svingar med konjunkturar i næringslivet og skaper en sjølvforsterkande negativ effekt når aktivitetsnivået i næringslivet minkar.

Positive erfaringar:

7. Får ta del i fordelsprogram (bonuspoeng).
8. Får ta del i «Code share» samarbeid som gir rimelegare forbindelsar til utanlandsreiser.

1. **Best tilbod med FOT-ruter**

Flora Kommune meiner FOT-ruter gav eit meir stabilt regime enn kommersielle flyruter gjev. Relativt hyppige ruteendringar er ofte krevjande for næringslivet. Tryggleik for tidleg fly kvar yrkedag og seinare avgangar frå Florø, ga eit betre tilbod enn vi har i dag. I dag går første fredagsfly til Oslo først kl. 9.25. Første retur er kl. 12.15 frå Oslo.

Det beste argumentet for FOT-ruter er at staten set ein makspris som er klart lågare enn ruter utan tilskot. Full Flex kostar Florø-Oslo kr 5399 mot kr 4480 Førde - Oslo. Florø-Bergen kostar kr 4316 mot 2994 over Førde.

3. **Regionane skal overta ansvaret for FOT-ruter**

Flora Kommune er positive til at dei nye regionane får fleire oppgåver. Men å overta ansvaret for flyruter på kortbanenettet er vi tvilande til. Det kan føre til at staten ved dette høvet vil «spare» pengar på flyrutekjøp for at dei årlege rammeløyvingane til regionane skal bli lågast mogleg. Om det er behov for FOT-ruter i til dømes 2024, vil det vere vanskeleg å få dette på plass att sidan kostnadsnøklane neppe tek høgde for slike behov. I så måte er det lite gunstig for det nye vestlandsfylket at til dømes Florø og Førde fell utanfor FOT-ruteordninga i denne runden, dersom utviklinga framover blir slik at dei bør attende i eit FOT-regime.

FOT-tilskotsutrekningar


Det kan sjå ut til at dagens kommersielle ruteproduksjon ligg ganske tett opp til forslaget i anbodet. (Sjå tabellar under dette avsnittet som samanliknar dagens ruteproduksjon mot forslaget til FOT-ruteprogram). Vi stiller derfor eit stort spørsmålsteikn til korleis ein i rapporten har komme fram til et så høgt FOT-tilskot som 57 MNOK/år for Oslo- og Bergensrutene. Rutene til og frå Oslo og Bergen har vore drifta med kr 0 i tilskot frå 01.04.2012 til 01.04.2016, og vi antar at dagens kommersielle drift går i balanse eller betre. Vi er soleis skeptiske til at kostnaden ved flyrutekjøp, vil vere så høg.

Samanheng mellom FOT-ruter og frekvens

Møreforskning har tidlegare peika på at kommersialisering av flyrutene i Florø vil gje dårlegare


frekvens. FOT-ruter gjev i seg sjølv høgare trafikk, peikar rapporten på.

Tabell 1.




Det er sentralt at ruteproduksjonen vert knytt opp til forslaget i rapporten på 97.000 seter, då den foreslåtte rutemodellen (4 daglige t/r-ruter i vekedagane og 1 t/r rute lørdag og søndag) ikkje underbygger eit slikt setetal ved bruk av 39- seteres fly.

Tabell 2.



Tabell 3.



Tabell 3 viser sammenhengen mellom passasjerendringer og ruteproduksjon. Florø lufthavn sitt tilbud endrar seg betydeleg med etterspørsel og gjev mindre fleksibilitet i tilbudet til dei reisande enn FOT-ruter vil gje.

Kostnad

Møreforsking Molde AS stiller i grunn det relevante spørsmålet; kva er staten villig til å betale for av flyruter. Dersom staten skal bruke mindre pengar på flyrutekjøp, er det naturleg at dei flyplassane med størst trafikk får mindre til rutekjøp ev. fell ut av FOT-ruteordninga. Florø lufthavn har klart størst volum av næringslivsreisande av kortbaneflyplassane i Sør-Norge, over 80 prosent. Staten har spart store summer på Florø lufthavn over år, ein kostnad som er påført dei reisande og særleg lokalt næringsliv. Dersom Florø også denne gongen fell utanfor ordninga vil vi krevje at staten rustar opp lufthamna, ser på avgiftene sine, og gjer Florø lufthavn meir konkurransedyktig og dermed ei mindre konkurranseulempe for lokalt næringsliv enn i dag. Vi krev dermed følgande:

1. Fjerne passasjeravgifta på Florø Lufthamn
2. Vurdere reduksjon av andre avgifter
3. Gje tilskot til marknadsføring av ruter/korrespondansar
4. Ruste opp terminalbygget/heliport i tråd med føringar i NTP.
5. Vurdere andre infrastrukturtiltak/tiltak som ein meiner kan stimulere trafikken og særleg privatmarknaden.

Økonomiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm: